

---

**Referanser:**

**Arkivsak:** 23/02320-12

## **UKM 03/23 Val på Ungdommens kyrkjemøte 2023**

### **Sammendrag**

Ungdommens kyrkjemøte gjennomførte fleire val.  
Valkomiteén som vart valt på UKM 2022 har vore:

Janikke Johannessen, leiar  
Kristina Rimstad, medlem  
Elise Skjærven Aas, medlem DnkU

### **Forslag til vedtak**

Valkomiteen legg fram følgande forslag til val på Ungdommens kyrkjemøte 2023:

- 4 medlemmar av Den norske kyrkja sitt ungdomsutval for 2 år:
- 3 representantar til Kyrkjemøtet 2024:
- 2 medlemmar av valkomiteen for Ungdommens kyrkjemøte 2024

### **Saksorientering**

#### **Bakgrunn**

Ungdommens kyrkjemøte skal velje tre delegatar til å reise på Kyrkjemøtet 2024. Kyrkjemøtet blir arrangert 10-15. april 2024 i Trondheim, med formøte for delegatar som reiser på vegner av Ungdommens kyrkjemøte.

For dei tre representantane vel UKM 2023 også vararepresentantar i rekkefølge. Leiar av Den norske kyrkja sitt ungdomsutval reiser også til Kyrkjemøtet 2024.

Den norske kyrkja sitt ungdomsutval (DnkU) skal vere Den norske kyrkja sitt rådgivande organ i saker som gjeld unge sin situasjon i kyrkje og samfunn, både nasjonalt og internasjonalt, og skal hjelpe til ved førebuing og gjennomføring av

Ungdommens kyrkjemøte. Utvalet kan også på eige initiativ ta opp aktuelle saker innan sitt område.

Ungdommens kyrkjemøte skal velje:

- 4 medlemmar av DnkU for to år

Valkomiteen til Ungdommens Kyrkjemøte 2023 har ansvar for å skaffe kandidatar til vala under møtet.

For Den norske kyrkjes ungdomsutval og representantar til Kyrkjemøtet 2023 gjeld det at medlemane har møteplikt til møta. Dette er forankra i at *medlemmer av et kirkelig organ plikter å delta i organets møter hvis de ikke har gyldig forfall*, jf. kyrkjeordninga § 38 første ledd. Denne paragrafen gjeld også organa i ungdomsdemokratiet, og kjem direkte til uttrykk i § 38 tredje ledd.

Dei som skal sitje i valkomiteen kan ikkje stille til val på neste års Ungdommens kyrkjemøte, verken som medlem til DnkU eller som representant til Kyrkjemøtet 2025. Det er hove til å ta attval til valkomiteen om ein er delegat til møtet. DnkU nemner opp ein representant og Ungdommens kyrkjemøte vel ytterlegare to medlemmar til valkomiteen.

## **Økonomiske/administrative konsekvenser**

Valte medlem av Den norske kyrkjes ungdomsutval får dekt reise og opphold i forbindelse med møta i utvalet.

Valte medlem til valkomiteen for Ungdommens kyrkjemøte 2024 får dekt reise og opphold i forbindelse med Ungdommens kyrkjemøte 2024.

Valte representantar til Kyrkjemøtet 2024 i Trondheim får dekt reise og opphold i forbindelse med Kyrkjemøtet 2024.